



ØRSTA KOMMUNE

HELSE- OG SOSIALSEKTOREN

Det Konglege Nærings-og Handelsdepartement
Postboks 8014 Dep.
0030 Oslo

DATO : 18.06.2004
ARKIVKODE : U63 &13
DYKKAR REF :
VÅR REF : 04/00308
SAKSHANDSAMAR : FEA/OLSEN

MELDING OM VEDTAK

Frå møtet i FAGUTVAL FOR HELSE OG SOSIAL den 17.06.2004.

De vert underretta om at det er fatta følgjande vedtak i sak 0032/04:
Framlegg til endring i serveringslova- høyring


Ørsta kommune v/ hovudutvalet for helsevern og sosial omsorg har vurdert framlegget frå NHD om endringar til serveringslova i høyringsnotat av 13.05.04.

1.
Unntaka i serveringslova § 2 andre ledd bør oppretthaldast.

2.
Til framlegget § 2 tredje ledd vil vi uttale:

Kommunar som gjennom forskrift gjer unntak for løyveplikt for visse typar av verksemder, kan lettar "trekke til seg" slike enn kommunar som stiller krav om løyveplikt. I så måte kan ulike ordningar i t.d to nabokommunar gjennom praktiseringa av serveringslova vere med å avgjere kvar verksemder etablerer seg. Sjølv om lokalisering av nye verksemder alltid vil vere eit val den/dei næringsdrivande gjer ut i frå ulike omsyn, bør ikkje serveringslova og ulik praktisering av denne i ulike kommunar bli avgjerande.

På dette grunnlaget går kommunen mot ny § 2 tredje ledd.

Med helsing

Terje Olsen
spesialrådgjevar

Vedlegg: samla saksframstilling